
Søkjjar

Institusjonsopplysningar

Institusjonsnamn	Vestland fylkesbibliotek
------------------	--------------------------

Institusjonens e-postadresse	elin.golten@vlfk.no
------------------------------	---------------------

Postadresse	Postboks 7900
-------------	---------------

Postnummer	5020
------------	------

Poststad	Bergen
----------	--------

Leiar av institusjonen

Fornamn	Elin
---------	------

Etternamn	Golten
-----------	--------

Telefon	47 237 315
---------	------------

E-post	elin.golten@vlfk.no
--------	---------------------

Er institusjonens leiar kontaktperson for prosjektet?	Nei
--	-----

Kontaktperson

Fornamn	Lena Jensen
---------	-------------

Etternamn	Glesnes
-----------	---------

Telefon	92 052 859
---------	------------

E-post	lena.jensen.glesnes@vlfk.no
--------	-----------------------------

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype

Innsatsområde

Innsatsområde

- FNs bærekraftsmål og bibliotek
- Nye samarbeidsformer

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel

«Jakten på sannheten» ut til alle

Mål

Effekt mål:

Bygge robuste mediebrukarar.

Utvikle biblioteka sitt bidrag til auka kunnskap og kompetanse i å navigere trygt i informasjonsstraumen.

Resultat mål:

Utvikle ein modell for fylkesbibliotek som ønskjer å tilby «Jakten på sannheten» til biblioteka i eigne fylke.

Prosjektbeskriving

Interaktiv læring med opplegg

Prosjektet «Jakten på sannheten» (2023 - 2024) er støtta av Nasjonalbiblioteket og leia av Bergen Offentlige Bibliotek i samarbeid med Tenk.faktisk.no, Medietilsynet, Senter for digitalt narrativ (UIB) og Bibliotekutvikling Vestland. Utstillinga har som hovudmål å bygge robuste mediebrukarar i informasjonssamfunnet.

Gjennom ei interaktiv utstilling får brukarane kunnskap om korleis informasjon opptrer i sosiale medier, og korleis vår oppfatning av informasjon blir påverka av mellom anna algoritmar, kommersielle aktørar, visuelle verkemiddel og kampanjar. Kjeldeforståing, kjeldekritikk og kjeldebruk er i tillegg til kunnskap om algoritmar og kunstig intelligens, viktige element i den interaktive utstillinga. Hovedmålgruppa er ungdom mellom 15 og 20 år, men utstillinga er relevant og tilgjengeleg også for brukarane av biblioteket elles.

Utstillinga er delt i tre delar: installasjonar, spelbrett og plakatar med qr-kodar til filmsnuttar på YouTube. På hovudbiblioteket i Bergen, var også to dørme på kunst laga med KI inkludert.

- Det er utarbeidd eit opplegg for bibliotektilsette som skal gjennomføre klassebesøk, med utgangspunkt i hovudbiblioteket i Bergen:

<https://tenk.faktisk.no/elevopplegg/jakten-pa-sannheten>

- Det er også laga eit opplegg for skular, til bruk før og etter besøket for å få mest mogleg ut av utstillinga: <https://tenk.faktisk.no/elevopplegg/utstilling-jakten-pa-sannheten>

Erfaringar så langt

Utstillinga sto i hovudbiblioteket på Bergen Offentlige Bibliotek, tre veker før lokalvala, frå 24. august til 12. september – med fokus på demokratiske utfordringar med informasjonssamfunnet i dag. Over 700 elevar frå ungdomsskular og vidaregåande skular besøkte den. Erfaringane til no er at elevane visar stor interesse for utstillinga, tar den i bruk og uttrykker at dette er ein gøy måte å lære på. Den passar aller best frå 10. klasse og oppover. Tilbakemeldingane frå lærarane er også svært gode. Ulike bibliotektilsette har hatt ansvar for klassebesøka, og meiner opplegget i kring fungerer godt. Publikum elles har også teke installasjonane i bruk, og dette blir no testa vidare når utstillinga står på Åsane filial. Filialen er eit kombinasjonsbibliotek med Åsane vidaregåande skule (opna i 2020), og biblioteket blir mykje brukt av mange unge – i tillegg til andre innbyggjarar i bydelen.

Tenk.faktisk.no

Bergen Offentlige Bibliotek trekker fram samarbeidet med Tenk.faktisk.no som særleg viktig for kvaliteten på installasjonen og opplegget i kring. At Tenk ønskjer å satse vidare på samarbeid om utstillinga også i dette prosjektet om modellen for vidareføring i fylka, sikrar at vi held på den faglege kvaliteten også i ein justert versjon.

Stor interesse

Utstillinga vekker brei interesse frå ulike fagmiljø og kantar av landet. Fleire bibliotek har teke kontakt med Bergen Offentlige Bibliotek og ønskjer gjenbruk. Sidan feltet er dagsaktuelt, i endring og viktig for folk flest – treng biblioteka enkle og oppdaterte verkty som gir innbyggjarane naudsynt hjelp her og no.

Kritisk mediebruk og utfordringar med KI er kompetanse som er etterspurd av bibliotektilsette.

Utstillinga er teke med som døme på eit konkret verkty biblioteka kan ta i bruk etter å ha delteke i kompetanseheving, som skildra i søknaden “Kunstig intelligens, kildebevissthet og kritisk mediebruk – et grunnkurs for bibliotekansatte” av Rogaland fylkesbibliotek (bibliotekutvikling Vestland er med i ressursgruppa som evt. skal vere med å samarbeide om kompetanseopplegget).

Modell for fylkesvise opplegg

Bibliotekutvikling Vestland si rolle er å utforske korleis «læringsopplevelsen kan spres og gjenbrukes i andre bibliotek», i utgangspunktet tenkt starta opp i 2025

(<https://bibliotekutvikling.no/prosjektbank/prosjekt/jakten-pa-sannheten/>) På grunn av den breie interessa for utstillinga, og dagsaktuelle tematikken, ønskjer vi å gå gong tidlegare med denne delen av prosjektet, og i tillegg utvide målet .

Gjennom å utarbeide ein modell for korleis utstillinga kan gjennomførast og transporterast mellom ulike bibliotek, kan alle fylka som ønskjer det tilby kommunane «Jakten på sannheten», og spreie kunnskap om kritisk mediebruk til så mange innbyggjarar i landet som mogleg. Ved å få utstillinga tidlegare ut til fleire, kan vi vere med å etablere folkebiblioteket som møteplassen der innbyggjarane får naudsynt kunnskap også i kritisk mediebruk.

Modellen skal gi svar på korleis ein kan skalere ned utstillinga til bruk også i dei små biblioteka med minst ressursar, og framleis gi læringsoppleving og nytte til brukarane.

I prosjektet vil vi lage ein modell for bruk og transportering av utstillinga i små og mellomstore bibliotek.

Forankring

Prosjektet er forankra i Handlingsprogram 2023-2026. Regional plan kultur 2023 -2035 Vestland under delmål 2.3 Vestland skal ha opne og inkluderande kulturarenaer, strategi 2.3.2 Styrke kulturarenaer som kjelder til danning, opplysning og myndiggjering og tiltaket Støtte arenaer, miljø og tiltak som fremmer kritisk tenking.

Framdriftsplan

Prosjektet er	Eitårig
---------------	---------

Aktivitetsplan for prosjektet

Beskriving	Klone installasjonen Klone installasjonen, evt. dele/forenkle. Evt. justere innhaldet
------------	--

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.01.2024
----------	------------

Til dato	31.03.2024
----------	------------

Beskriving	Utarbeide justerte opplegg Justere opplegget for bibliotektilsette (på Tenk.faktisk.no) som no tar utgangspunkt i Bergen Offentlige Bibliotek til: Opplegg og marknadsføring for små bibliotek Opplegg og marknadsføring for mellomstore bibliotek Justere opplegget for skular Utarbeide nynorsk versjon av innhaldet og anna materiale
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.01.2024
----------	------------

Til dato	31.03.2024
Beskriving	Inspirasjonssamlinger Samle bibliotektilsette på to stadar i fylket for å lære om, teste og bli inspirerte til å ta i mot og bruke utstillinga i egne bibliotek.
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.04.2023
Til dato	30.04.2023
Beskriving	Teste utstillinga i små og mellomstore bibliotek Vidare testing av korleis installasjonane og utstillinga som heilskap kan brukast av innbyggjarar i ulike målgrupper og ulike samanhengar.
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.05.2023
Til dato	30.11.2023
Beskriving	Teste transport av utstillinga Prøve ut transport av heile utstillinga mellom ulike kantar av fylket, både praktisk (oppdeling, plass, slitasje osv.) og med omsyn til økonomi.
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.05.2023
Til dato	30.11.2023

Beskriving	Utarbeide opplegg for fylkesbiblioteka Lage bruksmodell for små og mellomstore bibliotek, ut frå testing av dei mest kostnadseffektive og brukarvenlege løysingane. Dele modellen som ein startpakke i Kompetansebanken med lenker til opplegga på Tenk.faktisk.no, sånn at det er enkelt for fylkesbiblioteka å organisere spreing av utstillinga i egne fylke.
------------	--

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.09.2023
----------	------------

Til dato	31.12.2023
----------	------------

Andre opplysningar

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan

Budsjett

1. prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket	440 000
--------------------------------------	---------

Andre inntekter 1. prosjektår

Beskriving	Vestland fylkeskommune - eigeninnsats. Koordinering, samarbeid, logistikk, utarbeiding av opplegg, justering av tiltak, utarbeide opplegg for fylkesbiblioteka.
------------	--

Beløp	100 000
-------	---------

Beskriving	Deltakande kommunar - eigeninnsats Rigging, nedrigging, gjennomføring av opplegg rundt utstillinga, evaluering og tilbakemelding.
------------	--

Beløp	200 000
-------	---------

Inntekter totalt 1. prosjektår:	740 000
---------------------------------	---------

Utgifter 1. prosjektår

Beskriving	Kloning av utstilling
------------	-----------------------

Beløp	330 000
-------	---------

Beskriving	Justering av utstilling/innhald
------------	---------------------------------

Beløp	50 000
-------	--------

Beskriving	Transport
------------	-----------

Beløp	60 000
-------	--------

Beskriving	Vestland fylkeskommune, prosjektleiing
------------	--

Beløp	100 000
-------	---------

Beskriving	Deltakande kommunar, organisering av tiltaket
------------	---

Beløp	200 000
-------	---------

Utgifter totalt 1. prosjektår: 740 000

Totalt

0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *

Ja

Namn Bergen offentlige bibliotek

Beskriv samarbeidet Som prosjektleiar for "Jakten på sannheten" vil Bergen Offentlige Bibliotek bidra til modellen med erfaringar frå både utarbeidinga og utstillinga i bruk så langt. Dei vil også bidra i utviklinga av justerte opplegg i kring utstillinga retta mot bibliotektilsette.

Namn Tenk.faktisk.no

Beskriv samarbeidet Tenk.faktisk.no vil stå for kloninga av installasjonen i innhald og form. Justerte opplegg vil bli delt på deira nettstad og lenka til frå Kompetansebanken.

Merk at rolle og innsats i samarbeidet ikkje er endeleg avklart når søknaden blir sendt.

Namn Referansegruppe

Beskriv samarbeidet Referansegruppe frå fylkes- og folkebibliotek, som også kan vere med å finne testgruppe av ulike brukarar.

Vedlegg

Last opp vedlegg

Samandrag og innsending